

---

**Fra:** Nils-Arne Træland <nils-arne@lindaasvvs.no>  
**Sendt:** 7. august 2015 12:55  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Kulturmidlar Manger Musikklag haust 2015

Hei!

På vegner av Manger Musikklag ber eg om utbetaling av kulturmidlar kr 25 000,- for siste halvdel av 2015.

Musikkaget har sidan sist gjennomført og skal gjennomføra fleire store prosjekt.  
Musikkaget skal for fyrste gong delta på Næringskonferansen på Mongstad med eit kulturelt innslag i regi av Nordhordland Handverk & industrilag, dette er me veldig stolt av.  
I september står BrassWind festivalen for dør, festivalen er nr 12 i rekka og me ser fram til nok ein gong syne mangfaldet av norsk musikk. Dette er eit stort dugnadsprosjekt for laget og krev alle mann i arbeid ei heil helg.  
Etter BrassWind festivalen starter me oppkjøring til sesongens fyrste konkurranse, Siddis Brass i Stavanger i November.  
Musikkaget skal i løpet av hausten halde 4 konserter på Radøy, det er me veldig stolte av. Bl. anna festkonsert på Mangerfestivalen.  
Me avslutter hausten med den tradisjonelle julekonserten i Manger kyrkje sundag 20 desember.  
Musikkaget bruker mykje ressurser på rekruttering mot unge lovande musikanter i Radøy Kommune, utan støtta frå Radøy Kommune hadde denne aktiviteten vore vanskeleg, og me er svært takksame for støtta.  
Me ynskjer å være gode ambassadører for kommunen og på den måter gje noko att til kommunen vår.

Med helsing  
Nils-Arne Træland  
Styreleiar  
Manger Musikklag